

# BRYLLUP PÅ DALE I 1920-ÅRA

---

## Astrid Øvsttun

---

Når ein skulle stella til brøllup på Dale i 20-åra, måtte ein førebu det lang tid føreåt. Det var store brøllup i dei dagar, med store familiar og stor slekt, så rundt 80-100 gjester og vel så det, var ikkje uvanleg.

Brøllupsfesten holdt til både i Forsamlingshuset og i Festiviteten. Grunnen til det var at det var forbode med dans og sjenk i Forsamlingshuset. Festiviteten vart såleis nytta til det.

Til ein så stor festlyd skulle det noko meir "dekketøy" til enn det som var i Forsamlingshuset. Men det vart alltid ei råd. Alt som skulle til av kakefat, kakestettar, glas, lysestaker, vaser, store såler til rømmegrauten o.s.v. lånte ein av familiarne rundt om. Fyrst og fremst av familiar som skulle vera med i brølluppet. Men korleis skulle det gå for seg utan at ting vart bytt omeinannan med påfylgjande krangling ?

Jau, kvar familie hadde sin farge på tynn tråd, broderitråd som dei batt rundt knivar, skeiar og gaffler, limte eller festa ein lapp på fat og skåler. Brurfolket sytte for at det vart skrive med navn og merke. Slik hadde ein oversikt over det heile og god kontroll. Kvar familie var villige og hjelpte til, det var slik det skulle vera. Så var det berre å gå rundt å samla inn.

Brøllup vart halde i to dagar, laurdag og sundag. Både Forsamlingshuset og Festiviteten vart pynta til fest so dei mest ikkje var til å kjenna att. Farga krepp-papir klypt i strimlar og vridd hang rundt veggane, papir eller tynt tøy i fleire fargar rundt dei kvite lampaskjermane i taket. Dette gjorde det lunt og koseleg, laga fin stemning i salen. Det same vart og gjort i Festiviteten.

Maten var for det meste den same, buljong, steik og aprikoskrem eller moltekrem. Kaffi og kaker. Ein god kokk var viktig, han kom helst utanfrå. Unge jenter hjelpte til med servering. Ein framifrå god visevert måtte til, ein med mykje skjemt og litt alvor, som kunne binda festen saman.

Musikkunderholdninga var eit trekkspel eller to. Det hende og at det var fele eller anna instrument etter som det kunne passa. Men når brurefylgjet skulle i kyrkja (då gamlekyrkja) hadde dei ingen ringare enn Dale musikkforening (Musikken i dagleg tale) til å spela framfor seg frå heimen til kyrkja. Det var ein fin skikk som heile Dalebygda sette stor pris på. Folk utom bygda undrast over dette. Når musikken spelte opp med ein feiande flott marsj, det gledde ikkje berre brurfolket, det gjorde alle glade.

I krysset mellom Fabrikkvegen og Kyrkjebrekka stod gamlekyrkja (no omsorgsbolig). Borna og mange vaksne fylgde med musikken til kyrkja, stod utanfor og venta til brurfolket kom utattt So bar det opp Kyrkjebrekka gjennom "heile gatå" til Forsamlingshuset med ful musikk.

Utpå kvelden når leiken og dansen var i ful gang, skulle festlyden sjå den nye heimen til brurfolket og dei fine gåvene som var samla der. Med trekkspelmusikk og sang gjekk dei par om par til og frå. På same måte mellom Forsamlingshuset og Festiviteten til kaffistund.

Festen heldt til i Festiviteten til langt ut i dei små timar. Dagen etter samlin i Forsamlingshuset til saltfisk og rømmegraut. Kaffi og kaker etter ei stund med ein svingom i Festiviteten innimellom.

Seinare om åra vart det halde brøllup på Dale Hotell. Hotellet vart ordna om slik at det kunne ta imot store lag til matsservering. Dansen var framleis i Festiviteten.